



JH service har stort utval og gode tilbod.

Like etter nyttår skreiv vi at Johannes Hjønnvåg hadde gjort hobby til jobb ved å starta firmaet JH service. Hovudelen av verksemda var salg av dekk og felgar samt tilbod om dekkhotel. Då dreiv han firmaet heime i garasjen, men no har han flytta verksemda til kjellaren i S-lags-bygget(under Zjakk frisør)..

Johannes Hjønnvåg fortel at han i samband med flyttinga tilbyr introduksjonstilbod til dei 5 første kundane. Dei vil få dekkhotel for eit heilt år inkludert 2 stk dekkskift for bil for 500 kroner.

Elles kan han fortelja at han no er tilknytta Norgesdekk som er ein av dei største dekkgrossistane i landet, og såleis kan JH service tilby eit svært rikt utval av dekk og felgar. For tida har firmaet knallprisar på sommardekk og felgpakkar.



Johannes Hjørnevåg i arbeid med dekkmaskinen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kristian Bringedal